



Vekselbanken

Ein god medspelar



DELÅRSRAPPORT 3. kvartal 2025

Voss, 28. oktober 2025
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 3. KVARTAL 2025

GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Financial Reporting Standards).

Banken har utarbeida konsernrekneskap og konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS.

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 3. kvartal på 87,4 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 4,2 mill. kr i høve til same periode i 2024. Resultat av ordinær drift før skatt er 88,0 mill. kr mot 91,7 mill. kr i 2024. Resultat etter skatt er 66,0 mill. kr mot 68,8 mill. kr i 2024.

Totalresultat pr. utgangen av 3. kvartal 2025 er 76,1 mill. kr mot 64,9 mill. kr for same periode i fjor.

Banken har ei solid basisdrift. Eigenkapitalavkastninga etter skatt og med eigenkapitalen justert for hybridkapital er 11,2 % pr. utgangen av 3. kvartal i år mot 12,6 % for tilsvarande periode i fjor. Det er ei positiv utvikling med god utlånsvekst, auke i netto andre driftsinntekter og låge tap, men det er lågare rentemargin, høgare kostnader knytt til IKT-investeringar og planlagd auka satsing med fleire tilsette.

RENTENETTO

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 3. kvartal er bokført til 102,6 mill. kr. Dette er ein liten auke på 0,6 mill. kr frå same periode i 2024. Det er ein god volumvekst, men ein reduksjon i rentemarginen. Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 3. kvartal 2,07 % (2,15 %).

ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 3. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 44,4 mill. kr. Dette er ein auke på 3,9 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter aukar med 1,7 mill. kr i høve til 2024. Utbytte er redusert med 0,1 mill. kr, og netto verdiendring på finansielle instrument aukar med 0,2 mill. kr. Andre inntekter aukar med 2,0 mill. kr.

DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 3. kvartal bokført til 59,6 mill. kr mot 50,9 mill. kr i fjor. Løn og andre personalkostnader har auka med 4,4 mill. kr i høve til 2024, medan andre driftskostnader aukar med 3,9 mill. kr. Avskrivningane aukar med 0,4 mill. kr.

Banken har styrka bemanninga i 2025, og dette grunna god vekst og tilfang av nye kundar. Aktiv Voss AS har også auka bemanninga i 2025.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 3. kvartal har banken netto tilbakeført tap og nedskrivningar på utlån med 0,6 mill. kr mot ei tilbakeføring på 0,1 mill. kr i fjor. For nærare spesifikasjon, sjå note 2 og 3.

Banken har vidareført dei ekstraordinære bransjevisse nedskrivningane knytt til auka usikkerheit med kraftig inflasjons- og renteauke og auka makroøkonomisk usikkerheit på 8,5 mill. kr. i 3. kvartal 2025. Dette er uendra frå 2. kvartal 2025.

RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin samla forretningskapital inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er ved utgangen av 3. kvartal er 7.763 mill. kr. Dette er ein auke på 683 mill. kr (+9,7 %) siste året. Rådveldkapitalen på eiga bok er 6.792 mill. kr. ved utgangen av 3. kvartal.

INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 3. kvartal på 4.938 mill. kr. Dette er ein auke på 376 mill. kr (+8,3 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 3. kvartal er 83,2 %, opp frå 81,4 % i same periode ifjor. Innskota isolert for 3. kvartal har auka med 76 mill. kr.

UTLÅN

Banken har ved utgangen av 3. kvartal i år hatt ein auke i utlåna siste året, inklusive lån i Eika Boligkreditt (EBK), på 587 mill. kr (+9,3 %). Utlånsauken til privatkundar er 640 mill. kr (+12,3 %), medan det er ein reduksjon i utlån til næringskundar på 53 mill. kr (-4,9 %). Brutto utlån inklusive lån til EBK er ved utgangen av 3. kvartal 6.910 mill. kr (6.323 i 3. kvartal 2024).

Brutto utlån til kundar eksklusive lån overført til EBK er 5.939 mill. kr mot 5.603 mill. kr ved utgangen av 3. kvartal 2024. Av samla utlån er 1.044 mill. kr (17,6 %) utlån til næringsverksemd og 4.894 mill. kr (82,4 %) til personmarknaden. Lån til personmarknaden som er overført til EBK utgjør ved utgangen av 3. kvartal 972 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 16,6 % mot 13,8 % i 2024. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst og tilgang til likviditet gjennom auka bruk av EBK.

LIKVIDITET

Likviditeten i kvartalet har vore god gjennom stabile innskot, moglegheit for bruk av Eika Boligkreditt, og også tilgang til finansiering i obligasjonsmarknaden. Banken har pr. 3. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 905 mill. kr mot 934 mill. kr ved utgangen av 3. kvartal 2024. Sjå note 8 for nærare detaljar. Ved utgangen av 3. kvartal rapporterer banken godt over minstekrava for likviditetsindikatorane med LCR 292 % og NSFR 134 %.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

CRR3 vart innført frå 1. april 2025, og med dette meir risikosensitive risikovekter for standardmetode-bankar. Dette har gjeve positiv effekt på banken si kapitaldekning.

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 26,55 % ved utgangen av 3. kvartal mot 21,26 % på tilsvarende tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 794,5 mill. kr, mot 689,0 mill. kr same periode i fjor.

Kjernekapitalen til banken er 714,5 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 664,5 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 23,87 % (19,41 % i 3. kv. 2024) og ei rein kjernekapitaldekning på 22,20 % (17,87 % i 3. kv. 2024) av berekningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 10,07 % ved utgangen av 3. kvartal 2025 mot 9,62 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Overskotet til no i år er ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning.

Banken har p.t. eit pilar 2-krav frå Finanstilsynet på 2,0 %. I vedtak frå Finanstilsynet datert 9.10.2025 får banken eit pilar 2-krav på 1,8 % gjeldande frå 31.10.2025. Vidare har Finanstilsynet fastsett ein kapitalkravsmargin på 1,0 % frå same dato.

Banken rapporterer konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning vert publisert når 3. kvartals tala frå Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS føreligg.

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

UTSIKTENE FOR 2025

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrkjer banken sitt inntektsgrunnlag.

Den vedvarande krigen i Ukraina, uro kring toll og andre utspel frå presidenten i USA kombinert med høg inflasjon dei siste åra har ført til auka usikkerheit. Inflasjonen er på veg ned, men framleis over målet til Noregs Bank. Usikkerheit og høgt rentenivå dei siste åra har bremsa aktiviteten i mange bransjar. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivingane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirplasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 3. kvartal 2025 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilete av selskapet sine eignalutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 28. oktober 2025

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styreleiar


Marita Østrem
Nestleiar


Gunvall Medhus


Hege Solbakken


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

RESULTAT - KONSERN

Resultat		3. kvartal isolert			Året
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	Note	2025	2024	30.09.2025	31.12.2024
Renteinntekter frå eigenlutar vurdert til amortisert kost		89.993	87.445	266.064	348.314
Rentekostnader og liknande kostnader		55.128	52.748	163.495	209.606
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		34.865	34.697	102.569	138.708
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		5.766	4.860	16.167	20.833
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		784	563	2.542	3.263
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		0	0	4.115	4.768
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	7	5.644	8.880	19.817	23.756
Andre driftsinntekter		2.471	2.133	6.877	6.933
Netto andre driftsinntekter		13.096	15.310	44.433	53.026
Løn og andre personalkostnader		11.453	9.750	29.477	35.578
Andre driftskostnader		9.592	8.415	28.809	34.830
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle eigenlutar		462	329	1.300	1.274
Sum driftskostnader		21.507	18.494	59.586	71.682
Resultat før tap		26.454	31.513	87.417	120.052
Kredittap på utlån, unyttta kredittar og garantiar	5	340	-1.235	-600	2.016
Resultat før skatt		26.115	32.748	88.017	118.036
Skattekostnad		6.538	8.199	22.004	27.251
Resultat av ordinær drift etter skatt		19.577	24.549	66.013	90.785
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>					
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi	7	3.712	-935	10.002	-3.154
Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet		3.712	-935	10.002	-3.154
Verdiendring utlån til virkelig verdi		0	0	49	44
Skatt		0	0	-12	-11
Sum postar som vil bli klassisifert over resultatet		0	0	37	33
Totalresultat		23.289	23.614	76.052	87.664
Resultat per aksje		8,31	10,54	28,24	38,91
<i>Resultat etter skatt</i>					
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		18.314	23.229	62.244	85.749
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		1.130	1.153	3.361	4.568
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		134	167	408	468
<i>Totalresultat</i>					
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		22.026	22.294	72.283	82.628
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		1.130	1.153	3.361	4.568
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		134	167	408	468


RESULTAT - MORBANK

Resultat		3. kvartal isolert			Året
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	Note	2025	2024	30.09.2025	31.12.2024
Renteinntekter frå eigenlutar vurdert til amortisert kost		90.000	87.451	266.079	348.335
Rentekostnader og liknande kostnader		55.140	52.748	163.507	209.612
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		34.860	34.704	102.572	138.723
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		5.766	4.860	16.167	20.833
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		784	562	2.542	3.263
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		0	0	4.115	4.895
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	7	5.643	8.880	19.817	23.756
Andre driftsinntekter		0	0	0	36
Netto andre driftsinntekter		10.625	13.178	37.556	46.257
Løn og andre personalkostnader		10.445	8.944	26.964	33.056
Andre driftskostnader		8.526	7.546	25.657	31.764
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle eigenlutar		409	314	1.158	1.206
Sum driftskostnader		19.381	16.804	53.780	66.027
Resultat før tap		26.105	31.077	86.349	118.953
Kredittap på utlån, unyttta kredittar og garantiar	5	339	-1.234	-600	2.016
Resultat før skatt		25.765	32.311	86.949	116.936
Skattekostnad		6.461	8.103	21.769	26.979
Resultat av ordinær drift etter skatt		19.304	24.208	65.180	89.957
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>					
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi	7	3.713	-935	10.002	-3.154
Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet		3.713	-935	10.002	-3.154
Verdiendring utlån til virkelig verdi				49	44
Skatt				-12	-11
Sum postar som vil bli klassisifert over resultatet		0	0	37	33
Totalresultat		23.016	23.273	75.219	86.836
Resultat per aksje		8,24	10,46	28,05	38,75

Balanse - Eigenlutar - Konsern			30.09.2025	30.09.2024	31.12.2024
Tal i tusen kroner	Note				
Kontantar og kontantekvivalentar			85.715	83.422	81.045
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			186.117	75.542	164.030
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	4, 5		4.549.796	4.073.736	4.135.450
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	4, 5		1.361.410	1.502.163	1.481.912
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	7		578.851	601.703	605.222
Eierinteresser i tilknyttede selskaper og felleskontrollerte foretak			0	0	0
Eigarinteresser i konsernselskap			0	0	0
Immaterielle eiendeler			0	0	0
Varige driftsmidler			24.559	16.887	19.476
Andre eigenlutar			5.146	5.642	5.738
Sum eigenlutar			6.791.594	6.359.096	6.492.873
Balanse - Gjeld og eigenkapital - Konsern					
Tal i tusen kroner	Note		30.09.2025	30.09.2024	31.12.2024
Innskot frå kundar			4.937.950	4.561.616	4.643.799
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	8		905.123	934.017	934.110
Anna gjeld			28.674	23.724	28.716
Forpliktingar ved skatt			26.169	24.643	28.833
Andre avsetningar			393	225	414
Ansvarleg lånekapital	8		80.566	60.131	80.603
Sum gjeld			5.978.875	5.604.356	5.716.475
Innskoten eigenkapital	10		58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital			637.344	577.487	667.435
Ikkje kontrollerande eigarinteresser			1.170	580	760
Fondsobligasjonskapital			50.178	50.176	50.187
Resultat i perioden etter skatt			66.013	68.482	0
Sum eigenkapital	9		812.719	754.740	776.398
Sum gjeld og eigenkapital			6.791.594	6.359.096	6.492.873
Balanse - Eigenlutar - Morbank					
Tal i tusen kroner	Note		30.09.2025	30.09.2024	31.12.2024
Kontantar og kontantekvivalentar			85.715	83.422	81.045
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			186.117	75.542	164.030
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	4, 5		4.409.873	4.073.736	4.135.450
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	4, 5		1.501.334	1.502.163	1.481.912
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	7		578.851	601.703	605.222
Eigarinteresser i konsernselskap			153	153	153
Varige driftsmidler			23.634	16.554	18.648
Andre eigenlutar			2.625	3.139	4.304
Sum eigenlutar			6.788.302	6.356.414	6.490.764
Balanse - Gjeld og eigenkapital- Morbank					
Tal i tusen kroner	Note		30.09.2025	30.09.2024	31.12.2024
Innskot frå kundar			4.938.842	4.561.652	4.644.231
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	8		905.123	934.017	934.110
Anna gjeld			26.985	22.361	27.870
Forpliktingar ved skatt			25.917	24.319	28.540
Andre avsetningar			385	225	414
Ansvarleg lånekapital	8		80.566	60.131	80.603
Sum gjeld			5.977.818	5.602.706	5.715.767
Innskoten eigenkapital	10		58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital			637.112	577.207	666.796
Fondsobligasjonskapital			50.178	50.176	50.187
Resultat i perioden etter skatt			65.180	68.311	0
Sum eigenkapital	9		810.484	753.708	774.997
Sum gjeld og eigenkapital			6.788.302	6.356.414	6.490.764

Voss, 28. oktober 2025

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styreleiar


Marita Østrem
Nestleiar

 
Gunvall Medhus Hege Solbakken


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

EIGENKAPITALOPPSTILLING - KONSERN

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital			Opptent egenkapital				Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjons- kapital	Ikkje-kontrollerande eigarinteresser	Fond for urealiserte vinstar	Annen opptent egenkapital	
Eigenkapital 31.12.2024	11.103	-84	46.995	50.187	761	37.296	630.138	776.397
Resultat av ordinær drift etter skatt				3.361	408	-384	62.628	66.013
Vinst sal egenkapitalinstrument							3.126	3.126
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat						-1.647	8.524	6.877
Verdiendring utlån til virkelig verdi						49		49
Skatt på verdiendring utlån						-12		-12
Totalresultat 30.09.2025	0	0	0	3.361	408	-1.994	74.278	76.053
Utbetalt utbytte							-36.361	-36.361
Utbetalte renter fondsobligasjon				-3.370				-3.370
Eigenkapital 30.09.2025	11.103	-84	46.995	50.178	1.169	35.302	668.055	812.719
Eigenkapital 31.12.2023	11.103	-84	46.995	50.210	415	39.402	576.476	724.519
Resultat etter skatt				3.416	288	-384	65.451	68.771
Vinst sal egenkapitalinstrument							167	167
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat						-4.073		-4.073
Verdiendring utlån til virkelig verdi								0
Skatt på verdiendring utlån								0
Totalresultat 30.09.2024	0	0	0	3.416	288	-4.457	65.618	64.864
Utbetalt utbytte					-123		-31.072	-31.195
Utbetalte renter fondsobligasjon				-3.450				-3.450
Eigenkapital 30.09.2024	11.103	-84	46.995	50.176	580	34.945	611.022	754.740

EIGENKAPITALOPPSTILLING - MORBANK

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital			Opptent egenkapital			Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjons- kapital	Fond for urealiserte vinstar	Annen opptent egenkapital	
Eigenkapital 31.12.2024	11.103	-84	46.995	50.187	37.296	629.500	774.997
Resultat etter skatt				3.361	-384	62.203	65.180
Vinst sal egenkapitalinstrument						3.126	3.126
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					-1.648	8.524	6.876
Verdiendring utlån til virkelig verdi					49		49
Skatt på verdiendring utlån					-12		-12
Totalresultat 30.09.2025	0	0	0	3.361	-1.995	73.853	75.219
Utbetalt utbytte						-36.361	-36.361
Utbetalte renter fondsobligasjon				-3.370			-3.370
Eigenkapital 30.09.2025	11.103	-84	46.995	50.178	35.301	666.992	810.484
Eigenkapital 31.12.2023	11.103	-84	46.995	50.210	39.402	576.198	723.824
Resultat etter skatt				3.416	-384	65.279	68.311
Vinst sal egenkapitalinstrument						167	167
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					-4.073		-4.073
Verdiendring utlån til virkelig verdi							0
Skatt på verdiendring utlån							0
Totalresultat 30.09.2024	0	0	0	3.416	-4.457	65.446	64.406
Utbetalt utbytte						-31.072	-31.072
Utbetalte renter fondsobligasjon				-3.450			-3.450
Eigenkapital 30.09.2024	11.103	-84	46.995	50.175	34.945	610.571	753.707

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	Morbank		Konsern	
Tal i tusen kroner	3. kvartal 2025	3. kvartal 2024	3. kvartal 2025	3. kvartal 2024
Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar				
Netto utbetaling av lån til kundar	-293.509	(258.267)	-293.509	(258.267)
Renteinnbetalingar på utlån til kundar	258.188	252.466	258.188	252.466
Netto inn-/utbetaling av innskot frå kundar	184.759	65.573	184.759	65.573
Renteutbetalingar på innskot frå kundar	-7.641	-2.811	-7.641	-2.811
Netto inn-/utbetalingar av lån frå kredittinstitusjonar	8.159	7.794	8.159	7.794
Netto provisjonsinnbetalingar	13.625	11.911	13.625	11.911
Utbetalningar til drift	-54.261	-47.150	-54.261	-47.150
Betalt skatt	-24.358	-19.427	-24.358	-19.427
A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	84.962	10.089	84.962	10.089
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar				
Netto investering i varige driftsmidar	-6.144	-829	-6.144	-829
Netto investering i langsiktige verdipapir	55.969	-1.161	55.969	-1.161
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar	4.115	4.297	4.115	4.297
B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet	53.940	2.307	53.940	2.307
Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar				
Innbetaling ved utferding av verdipapirgjeld	300.000	200.000	300.000	200.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	-330.000	-315.000	-330.000	-315.000
Renteutbetaling på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	-38.354	-44.245	-38.354	-44.245
Renteutbetaling på ansvarlege lån	-4.059	-2.990	-4.059	-2.990
Renteutbetaling på fondsobligasjon	-3.370	-3.194	-3.370	-3.194
Aksjeutbytte	-36.361	-31.072	-36.361	-31.072
C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet	-112.145	-196.500	-112.145	-196.500
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	26.758	-184.105	26.758	-184.105
Likviditetsbeholdning 1.1	245.074	343.070	245.074	343.070
Likviditetsbeholdning 30.09	271.832	158.965	271.832	158.965
Likviditetsbeholdning spesifisert:				
Kontantar og fordringar på Sentralbanken	85.715	83.422	85.715	83.422
Fordringar på kredittinstitusjonar	186.117	75.542	186.117	75.542
Likviditetsbeholdning	271.832	158.965	271.832	158.965

NOTE 1 - Generell informasjon

Banken konsoliderer inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eid 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS.

Den vedvarande krigen i Ukraina og uro kring toll fører til framleis usikkerheit, og inflasjonen er framleis på over Noregs Bank sitt mål.

Dette fører til auka usikkerheit i økonomien, sjølv om me merkar lite til dette lokalt.

Banken med si fordeling 82 % PM og 18 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalstatus har gode føresetnader til å stå imot auka usikkerheit og å kunne vekse vidare.

NOTE 2 - Rekneskapsprinsipp og -estimat

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2025 - 30.09.2025. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-
fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap, og bør lesast i
samanheng med årsrekneskapen for 2024.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar ef
av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I

årsrekneskapen for 2024 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Estimat og skjønsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige
hendingar som vert sett på som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn
for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Nedskrivingar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja
verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar,
og desse påverkar igjen dei berekna verdiane. Nedskrivingsvurderingar vert gjennomførte kvart kvartal.

Nedskrivingar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivingar (IFRS 9-nedskrivingar) på utlån og
garantiar. Nedskriving vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive
kundegrupper. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt
på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses»
(ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid
på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2024 for ei skildring av
nedskrivningsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriteria for overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore naudsynt å nytta meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av
nedskrivingar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått,
med svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivningsmodellen.

Banken har berekna nedskrivingar i steg 1 og steg 2 for kredittportefølja, på grunnlag av kor utsette dei ulike segmenta og bransjane
er innafor banken sine engasjement. Nedskrivingane for engasjement innafor ulike segment og bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i
prosent avhengig av risikograd. Justeringsfaktoren vert multiplisert med banken si eksponering innan ulike segment og bransjar.
Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivingane.
Nedskrivingar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 1,7 mill. kr samanlikna med utgangen av fjoråret.
Nedskrivingar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 er auka med 0,5 mill. kr samanlikna med utgangen av fjoråret.
Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

For verdsettjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3 (sjå note 7).

NOTE 3 - Kredittforringa engasjement

Misleghold over 90 dagar	3. kvartal 2025	3. kvartal 2024	Året 2024
Brutto misleghelde engasjement - personmarknaden	823	8.867	6.411
Brutto misleghelde engasjement - bedriftsmarknaden	0	1.194	10
Nedskrivningar i steg 3	-466	-1.069	-899
Netto misleghelde engasjement	357	8.992	5.522
Andre kredittforringa	3. kvartal 2025	3. kvartal 2024	Året 2024
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	33.723	26.763	29.367
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	33.477	27.118	27.097
Nedskrivningar i steg 3	-14.849	-14.106	-14.164
Netto andre kredittforringa engasjement	52.351	39.775	42.300

NOTE 4 - Fordeling utlån kunders

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næring	3. kvartal 2025	3. kvartal 2024	Året 2024
Primærnæringer	51.516	34.942	48.492
Industri og bergverk	35.972	39.340	35.730
Kraftforsyning	3.201	3.899	3.731
Bygg og anleggsverksemd	72.356	112.981	80.341
Varehandel	65.975	84.509	94.018
Transport	15.410	20.496	19.586
Overnattings- og serveringsverksemd	41.508	56.936	47.973
Informasjon og kommunikasjon	40	44	1
Omsetning og drift av fast eiendom	516.762	483.302	520.672
Tenesteytende verksemd	241.652	261.366	240.762
Sum næring	1.044.392	1.097.815	1.091.306
Personkunder	4.894.138	4.505.069	4.554.380
Brutto utlån	5.938.530	5.602.884	5.645.686
Steg 1 nedskrivningar	-4.974	-4.695	-4.535
Steg 2 nedskrivningar	-7.034	-7.116	-8.732
Steg 3 nedskrivningar	-15.315	-15.174	-15.058
Netto utlån til kunder	5.911.207	5.575.899	5.617.361
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	971.757	720.367	825.210
Totale utlån inkl. portefølja i EBK	6.882.964	6.296.266	6.442.571

NOTE 5 - Nedskrivningar og tap - morbank

Banken sine utlån til kunder, unytta kredittar og garantiar er gruppert i tre steg, fordeling mellom steg vert føreteke for det einskilde lån eller engasjement. Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseført utlån, garantiar og unytta trekkrettigheter for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 måneder venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utføring av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsforutsetningar, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskonteringa.
